

**Notat**

Dato: 20.05.2019  
Arkivsak: 2019/11703-1  
Saksbehandlar: asthje

---

**Til:** Utval for opplæring og helse

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Tidstjuvar i skulen - løypemelding

Fylkesrådmannen viser til vedtak i fylkestinget 12.12.2017:

«Fylkestinget ber fylkesrådmannen kome tilbake med ei sak der det skal nedsettast ei arbeidsgruppe som skal gjennomgå tidstjuvar i skulen. Gruppa skal vere breitt samansett med representasjon frå arbeidstakarorganisasjonane, samt administrativt og politisk nivå på fylket. Dei siste åra har det vore eit stort fokus på tidstjuvar i skulen. Politikarane har over lang tid fått tilbakemeldingar om at tilsette i skulen må bruke mykje tid på arbeidsoppgåver som berre i mindre grad kjem elevane til gode.»

I PS 33/2018 13.03.18 kom fylkesrådmannen tilbake med ei sak til Utval for opplæring og helse, der utvalet vedtok følgjande:

1. Fylkesrådmannen ber fylkesdirektør opplæring setje ned ei arbeidsgruppe med ein representant frå arbeidstakarorganisasjonane, ein skuleleiar, ein lærar og to representantar frå opplæringsavdelinga.
2. Utval for opplæring og helse oppnemner Torgeir Toppe (A) og Ragnhild Fagerbakke (H) til arbeidsgruppa».

I PS 91/2018 11.04.2018 vart vedtaket overfor (PS 33/2018) samrøystes vedteke i Fylkesutvalet.

I RS 68/2018 27.11.2018 vart det lagt fram eit oppfølgingsnotat frå Fylkesrådmannen. Utdrag frå notatet:

«Fylkesrådmannen føreslår at det i tillegg til representasjonen som går fram av vedtaket, vert opna opp for at det skal vere to representantar for skuleleiinga i arbeidsgruppa. Arbeidet vil starte opp i januar 2019.»

..

«Arbeidsgruppa har stor fridom til å definere og avgrense tema innanfor dei rammene som er gitt i sak PS 33/2018. Det kan dreie seg om interne eller eksterne faktorar i HFK som gruppa meiner kan definerast som tidstjuvar og som dei meiner er til vesentleg hinder for effektiv gjennomføring av skulen sitt kjerneoppdrag. Arbeidet skal ta utgangspunkt i funn og tilrådingar frå rapporten Rapporterings- og dokumentasjonskrav i skulesektoren (Ideas2Evidence Rapport 12:14 ) Arbeidsgruppa skal i tillegg vurdere om det er behov for nye kartleggingar, og eventuelt kome med framlegg til eksterne kompetansmiljø som kan bidra i eit slikt arbeid. Nye kartleggingar bør byggje vidare på funn frå rapporten frå 2014. Fylkesrådmannen ber arbeidsgruppa kome med ei løypemelding til Utval for opplæring og helse innan juni 2019.»

Arbeidsgruppa er samansett av følgjande medlemmar:

- |                          |  |
|--------------------------|--|
| 1. Sissel Øverdal        | regionleiar og leiar for arbeidsgruppa |
| 2. Torgeir Toppe         | A                                      |
| 3. Ragnhild Fagerbakke   | H                                      |
| 4. Heidi R. Høyforsslett | arbeidstakarrepresentant               |
| 5. Eivind Storli         | arbeidstakarrepresentant               |
| 6. Oddvar Skråmestø      | skuleleiarrepresentant                 |
| 7. Anita Jensen Ystebø   | skuleleiarrepresentant                 |
| 8. Astrid Hjellbakk      | opplæringsavdelinga                    |

Gjennomførte møter i arbeidsgruppa våren 2019:

04.02.2019, kl. 13.00-16.00, rom 932

21.03.2019, kl. 14.00-16.00, rom 932

02.05.2019, kl. 14.00-15.00, rom 932

Arbeidsgruppa har gjennomgått funn og tilrådingar frå rapporten Rapporterings- og dokumentasjonskrav i skulesektoren (Ideas2Evidence Rapport 12:14) og diskutert ulike interne og eksterne faktorar i HFK som representantane i arbeidsgruppa har påpeika som tidstjuv i skulen. Mange av sakene omhandla handtering av personsensitive opplysningar, særleg knytt til fráværsoppfølging og bruk av ulike skuleadministrative system som ikkje samsnakkar godt nok. Med innføringa av GDPR (General Data Protection Regulation) kom det i tillegg større krav enn tidlegare til å vurdere personvernkonsekvensar ved handsaming av personopplysningar. Denne løypemeldinga viser område som gruppa i fellesskap har valt å arbeide vidare med for å få reduksjon av tidstjuvar i skulekvardagen. Opplæringsavdelinga har diskutert interne og eksterne faktorar, og samarbeidd med fagpersonar i HFK innan det skuleadministrative systemet SkoleArena og fagpersonar som kan gje råd innan GDPR-spørsmål. Erfaringa med arbeidet tilseier at det er dei interne faktorane som er lettast å løyse på kort sikt.

## 1. SkoleArena – behov for opplæring og avklaring kring felles praksis

Alle dei vidaregåande skulane i HFK nyttar det skuleadministrative systemet SkoleArena til lovpålagte oppgåver som fráværsporing, karakterføring og varsling. I skuleåret 2018/19 tok skulane i bruk ein ny versjon av SkoleArena med funksjonar som

- registrering av gjennomførte undervisningstimar for eleven, medan det i tidlegare versjon var elevfráværet som blei registrert.
- automatisk sending av e-post til føresette dersom eleven (under 18 år) ikkje møter til timen.
- oversikt over eleven sin prosent fagfrávær.
- moglegheit for innlogging for føresette med oversikt over frávær og vurderingsresultat for elevar under 18 år.
- tilgjengelege varsel om fare for manglande vurdering eller nedsett karakter i orden eller åtferd, jf. § 3-7.

Arbeidsgruppa har påpeikt følgjande:

- **Det er behov for tilstrekkeleg brukaropplæring i ny versjon av SkoleArena.**  
Ein del lærarar manglar tilstrekkeleg opplæring i bruk av SkoleArena, noko som kan føre til feil og mangelfull bruk.

Tiltak:

Våren 2019 er det gjennomført fleire kurs i bruk av SkoleArena og det er lagt til rette for individuell rettleiing for den einskilde skule ved behov.

- **Det er behov for avklaringar kring handsaming av varsel Jf. forskrift til opplæringslova § 3-7:**  
*Eleven og foreldra skal varslast skriftleg dersom det er tvil om eleven kan få halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter i eitt eller fleire fag. Eleven og foreldra skal også varslast skriftleg dersom det er fare for at eleven i halvårsvurdering med karakter eller i standpunktkarakter kan få*

*karakteren nokså god (Ng) eller lite god (Lg) i orden eller i åtfærd. Varselet skal givast utan ugrunna opphald. Varselet skal gi eleven høve til å skaffe grunnlag for halvårsvurdering med karakter og standpunktkarakter, eller gi eleven høve til å forbetre karakteren i orden eller åtfærd.*

Talet på varsel som blir sendt ut frå skulane er stort, og det trengst avklaringar kring korleis ein skal handtere varsel internt på skulen. Det er behov for ein felles praksis som gir ei enkel, rasjonell og sikker varselhandtering for lærarane og administrasjonen ved skulen. Varselet blir utforma i SkoleArena og skal lagrast i eleven si mappe i Ephorte før det blir sendt til elev/føresette som digipost.

Tiltak:

Det er laga felles retningslinjer til alle skulane for lik praksis for handtering av varselsbrev. Felles praksis er at lærar framleis skal generere varsel til eleven i SkoleArena, medan skulen sin administrasjon skal legge varselet inn i arkivsystemet Ephorte for utsending til elev og til føresette for elevar under 18 år. Elektronisk signering fører til ein enklare prosess ved å unngå utskrift, signering og skanning. Ytterlegare forbetring av prosessen, som til dømes direkteoverføring av varsel frå SkoleArena til Ephorte, er rapportert til DP 1,7 (delprosjekt 1.7, Vlfk) for handsaming. I 2021 skal Vestland fylkeskommune inn i nytt skuleadministrativt system VIS (Visma inSchool). Her er det lagt opp til ein god og effektiv prosess som også omhandlar lagring av varsel.

## **2. Fråværsregelen har ført til meirarbeid for skulane**

Skulane opplever at fråværsregelen sine krav til elevdokumentasjon har skapt meirarbeid for skulane etter innføringa i 2016. Ein del legeerklæringar er uklare og det er tidkrevjande for skulen å godkjenne og etterspørje dokumentasjon. Skulen opplever ei auka mengde personsensitiv dokumentasjon som må handsamast. Elevdokumentasjon i papirformat må skannast inn i eleven si mappe i Ephorte.

Tiltak:

Opplæringsavdelinga arbeider med å finne sikre og rasjonelle måtar å handtere elevsensitiv dokumentasjon på, frå lærar tek imot elevdokumentasjon til dokumentasjonen er sikkert lagra i eleven si mappe i Ephorte.

## **3. Lærarane har ikkje tilgang til elevdokumentasjon for sine elevar**

Etter at det blei innført elektroniske elevmapper i Ephorte har ikkje lærarane direkte tilgangar til elevmappene til sine elevar. Det må avklarast korleis lærarane skal få moglegheit til å få innsyn i naudsynte elevdokument på ein sikker måte og som ikkje kjem i konflikt med GDPR-krav.

Tiltak:

Det blir arbeidd med å finne gode og sikre løysingar på utfordringa, slik at lærarane får tilgang til naudsynt elevdokumentasjon utan å gå måtte gå igjennom mange ledd.

## **4. Skuleadministrative system snakkar ikkje saman:**

Det har oppstått problem i bruk av Extens etter innføring av Windows10.

Tiltak:

Opplæringsavdelinga og IT-avdelinga har funne ei god løysing som er tilgjengeleggjort for skulane, og ønska resultat om større stabilitet er oppnådd og tidsbruken er kraftig redusert.

## **5. Innhaldet i kontaktlæraroppgåva er uklar:**

Det er uklart kva oppgåver som er knytt til kontaktlærarfunksjonen. Det er ein del kontaktlærarar som får mange tidkrevjande oppgåver i høve til kontaktlærarressursen. Dersom oppgåvene blir mange, kan det gå ut over læraren si undervisning i klassen der ein er kontaktlærar.

Tiltak:

Felles avklaring av kontaktlæraroppgåver kan takast med inn i nye Vestland fk.

**6. Tal undersøkingar som skulen skal svare på opplevast stort.**

Lærarar opplever at det generelt er mange obligatoriske undersøkingar skulane må svare på.

Tiltak:

HFK er restriktive med å tillate undersøkingar ved skulane. Ved problem bør dette takast opp på den enkelte skule.